

Repsak 03-22

Godkjenning av melding vedkomande måloppnåing for 2021.

Styret sin tilråding til vedtak:


Representantskapet godkjenner melding vedkomande måloppnåing for 2021, slik den ligg føre.

Saksutgreiing:

Styret handsama denne saka i møte 8 februar med samrøystes tilråding til representantskapet om å godkjenne meldinga for 2021.

Meldinga er laga i tråd med vegleiar frå KS når det gjeld innhald.

Etter at representantskapet har godkjent årsmelding, melding om måloppnåing og rekneskap, vert dokumenta sendt over til kommunane som eigarar.



Petter Bjørdal
Dagleg leiar.

Vedlegg: Måloppnåing 2021.



MÅLOPPNÅING

2021



Volda og Ørsta Reinholdsværk IKS

Innholdsliste

Prinsipp for styring	3
Om representantskapet	3
Om styret	4
Opplæring og informasjon	4
Formål med eigarskap	5
Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR)	6
Andre eigarskap - Retura Søre Sunnmøre AS og Retura Norge AS	8
Selskapsstrategi og tilhøyrande styringsdokument	8
Strategiske mål	9
Tidlegare mål og status	10
Nasjonalt	10
Regionalt	10
Lokalt	10
Nye internasjonale og nasjonale mål	13
Samfunnsansvar	15
Ytre- miljø	16
Likestilling	16
Openheit	16
Etiske retningslinjer	16

Prinsipp for styring

Etter *Lov om interkommunale avfallsselskap* (jf. IKS-lova §1) er det berre kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap som kan opprette eit interkommunalt selskap. For alle interkommunale selskap skal det utviklast ein skriftleg selskapsavtale som deltakarane i form av eit kommunestyre skal vedta (jf. IKS-lova §4).

Det er viktig at kommunestyra som eigarar i det interkommunale selskapet får kunnskap og innsikt i organisering og styringsmoglegheiter i selskapet som ein har eigardel i. Eigarane har samla sett eit uavgrensa ansvar for selskapet sine pliktar. Eigarkommunane har instruksjonsrett og utøvar eigarstyring gjennom valde medlemmar i representantskapet. Medlemmar i representantskapet og styret skal kjenne til roller, styringslinjer og ansvarsdeling.

Om representantskapet

Volda og Ørsta Reinhaldsvekr IKS (VØR) sitt eigarorgan og øvste mynde er representantskapet. Etter kommunevalet kvart fjerde år, vel kommunestyra eit representantskap for VØR. Annakvart år vel representantskapet nytt styre for VØR. Gjennom IKS-lova er det gitt at representantskapet skal fastsette budsjett, økonomiplan, mål, retningslinjer og rekneskap for selskapet.

I 2021 hadde representantskapet til VØR 4 representantar frå Volda kommune og 4 representantar frå Ørsta kommune. Samansetninga for 2021 var slik:

Volda kommune	Ørsta kommune
Jan Henning Egset (leiar) Eldar Engelund Ingebjørg Osdal Torill Hasfjord Bjørneset	Ingvild Aasen (nestleiar) Kristin Riise Olav Hope Pauline Vinjevoll
Personlege vara: Jørgen Amdam er vara for Jan Henning Egset Arne Oddmund Torvik er vara for Eldar Engelund Lin Storm Tragstad er vara for Ingebjørg Osdal Ann Charlotte Fiskarstrand er vara for Torill Hasfjord Bjørneset	Personlege vara: Dalana-Michelle Storbø er vara for Kristin Riise Børge Bornstein er vara for Olav Hope Aslaug Marit Øyehaug er vara for Ingvild Aasen Einar Holsvik er vara for Pauline Vinjevoll

Tabell 1 Representantskapet i VØR 2021

Om styret

Styret blir valt av representantskapet for ei periode på to år om gongen. Styret har ansvar for at drifta av VØR vert driven i samsvar med dei avgjerslene og retningslinjene som er vedteken av representantskapet. Styret er samansett av 2 representantar frå Volda kommune og 2 representantar frå Ørsta kommune. I tillegg så vel dei tilsette ein eigen representant til styret. Frå kommunane er det krav om 50 % kjønnsbalanse.

Styret skal fungere som ein støttefunksjon og representere selskapet sitt ved behov og bør dermed ha forskjellig og supplerande kompetanse innan økonomi, organisasjon og marknaden som selskapet operera i. Styret skal ha fagleg innsikt og ta ei aktiv rolle i selskapet sitt formål. Det er opp til eigarkommunane sjølv å bestemme kva kompetanse og kapasitet som vert venta av sine styremedlemmar.

Styret tilset også dagleg leiar og fører til tilsyn med dagleg leiar si leing av selskapet. Dagleg leiar skal rapportere til styret og står ansvarleg ovanfor styret.

Styret for 2021 var valt i 2020 for perioden 2020-22. I 2021 hadde styret i VØR 3 menn og 2 kvinner, og samansetninga var slik:

Styremedlem	Personleg vara
Anne Ellingsen (leiar)	Bjørnar Hovland
Jon Helge Bjørndal	Gina Bjørdal
Hallvard Bjørneset (nestleiar)	Sissel Anita Øyen Hareide
Henriette Hafsås	Kjell Tore Aarstad
Ove Myklebust (tilsettere representant VØR)	Edle Holmin (vara for tilsettere representant)

Tabell 2 Styret i VØR 2021

Opplæring og informasjon

I KS sin rettleiar «Anbefalingar om eierstyring, selskapsledelse og kontroll» blir det for å sikre utvikling av nødvendig kompetanse anbefalt at å gjennomføre obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde i representatskap og styre.

Den 16. desember 2019 hadde ein felles opplæring av alle valde representantar og vararepresentantar. På grunn av covid-situasjonen har ein ikkje fått hatt eksterne kurs som planlagt. Ein har i staden i samband med styremøta hatt utvida opplæring og temaorienteringar for å kompensere for dette. I løpet av 2021 har ein hatt styremøte med følgjande tema:

Tema	Dato
Handlingsrommet i samband med organisering av felles eigde selskap av kommunar og interkommunale selskap med Øystein Solevåg frå ÅRIM.	02.02.21
Mål og retningsliner for VØR, med gjennomgang av overordna styringsdokument og stillingsinstruks til dagleg leiar.	23.02.21
Gjennomgang av kvalitetssystemet til VØR med prosjektleiar Stine Gytri.	23.03.21

Utviklingstrekk for plastemballasje og organisatoriske og økonomiske konsekvensar av innføring av eiga innsamling plastemballasje, med samanlikning med andre selskap og deira innsamlingsmetodar.	23.03.21
RFID brikkar på behaldarane. Korleis verkar det, kva er erfaringane rundt omkring og kva moglegheiter gir det i form av sann tid rapportering til kundande.	08.06.21
Papirposar kontra plastposar til matavfall. Erfaringar og kva blir gjort omkring	08.06.21
Korleis ser brukarane på VØR. Grundig gjennomgang av brukarundersøkinga 2021	08.06.21
Etersorteringsanlegg på Melsgjerdet. Kva type anlegg vert etablert rundt omkring og kva handlingsrommet vårt?	08.06.21
Presentasjon / opplæring i ulike typar modellar for differensiering av gebyr.	08.06.21
Eigenevaluering	26.10.21
Orientering og opplæring i rolla som eigar av Retura Søre Sunnmøre. Kva er styret si rolle, tilsynsansvaret, handlingsrommet og kva er selskapet sin status.	07.12.21

Representantskapet fekk på møtet i april orientering og opplæring på utviklingstrekk for plastemballasje, og økonomiske og organisatoriske konsekvensar av innføring av eiga innsamling av plastemballasje. På møtet i september fekk dei opplæring og presentasjon av ulike typar modellar for differensiering av gebyr.

Formål med eigarskap

Alle kommunar har plikt og rettar etter *Forureiningslova* for handtering av hushaldningsavfall. I følgje lova (§ 30) skal kommunen sørge for innsamling av avfall frå hushaldningar, og ha eit forsvarleg tilbod for levering av farleg avfall frå private hushaldningar og mindre mengder farleg avfall frå verksemder. I tillegg skal kommunen ha «*anlegg for opplag eller behandling av husholdningsavfall og kloakkslam og ha plikt til å ta imot slikt avfall og slam.*

Forurensningsmyndigheten kan i forskrift eller i det enkelte tilfellet fastsette at kommunen også skal ha anlegg for og plikt til å ta imot spesialavfall og næringsavfall» i følgje *Forureiningslova* §29.

Rettar gjennom *Forureiningslova* har kommunane gjennom monopol på avfall henta inn frå private hushaldningar. Andre aktørar kan ikkje samle inn slikt avfall utan kommunen sitt samtykke.

Kommunane Volda og Ørsta har delegert ansvaret for desse rettane og pliktene til VØR.

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR)

VØR er organisert som eit interkommunalt avfallselskap der kommunane Volda og Ørsta har ein eigardel på 50% kvar. VØR forvaltar og driftar ei lovpålagd verksemd på vegne av eigarkommunane, og har såleis bestemte krav og mål å rapportere tilbake til eigarane sine.

Selskapet ligg plassert i Hovdebygda i Ørsta kommune og har som formål å oppfylle kommunane sine plikter relatert til innsamling av hushaldsavfall jamfør *Forureiningslova* og vedtekne renovasjonsforskrifter. Pliktene inneberer innsamling, lagring og transport av avfall frå private hushaldningar og handtering av slam. I tillegg til innsamling av avfall driftar også VØR miljøstasjonane i Hovdebygda og Grodås, der innbyggjarane kan levere avfall frå hushaldningane ut over det som blir samla inn gjennom avfallsbeholdarane. VØR tar også i mot farleg avfall på miljøstasjonen. Private hushaldningar kan fritt levere 1000 kilo farleg avfall og 500 kilo PCB-haldige isolerglasvindaug i året per abonnent.

Tabell under viser til antall aktive avtalar med gebyr som er registrert hjå VØR per desember-2021.

Abonnementsfordeling:

Kommune	Hushaldningar	Fritidshus	Totalt
Ørsta	4097	618	4715
Volda	3908	708	4616
Totalt+	8005	1326	9331

Tabell 3 Abonnementsfordeling 2021

I dei to eigarkommunane til VØR er det busett 21512 innbyggjarar (målt 3.kvartal 2021). Av desse er 8005 registrert som privatabonnentar. I tillegg handterer VØR hushaldningsavfallet til 1326 fritidshusabonnentar.

Alle utgifter knytt til innsamling og behandling av avfall frå private hushaldningar blir finansiert gjennom avfallsgebyret som blir krevd av abonnentane etter *Forureiningslova* §34 som seier at « *Kommunen skal fastsette gebyrer til dekning av kostnader forbundet med avfallssektoren, herunder innsamling, transport, mottak, oppbevaring, behandling, etterkontroll m.v. Kostnadene skal fullt ut dekkes inn gjennom gebyrene. Med kostnader menes både kapitalkostnader og driftskostnader*».


Gjennom avfallsgebyret skal ein skal ein dekke kostnadane ein har på innsamling og behandling av avfall frå dei private hushaldningane. Dette gjerast i tråd med sjølvkostprinsippet. Kommunane har høve til å differensiere gebyret, noko som har blitt gjort i Volda og Ørsta sidan 2000. Differensiering av gebyr skal fungere som eit verkemiddel for å redusere mengdene med avfall og auke materialgjenvinningsgraden. Den som brukar mest ressursar og forureinar mest, skal også betale mest. Dette er ein differensieringsmetode som tek sikte på å stimulere til avfallsreduksjon, ombruk og auka materialgjenvinning.

For 2021 hadde VØR eit standardgebyr på kr 3619,- inkl mva. Ser vi dette i samanheng med selskapa rundt oss ligg vi noko lavare i gebyr enn naboselskapa våre i 2021.

Selskap	Gebyr (inkl. mva)
VØR	3619
ÅRIM	4150
RIR	4156
NOMIL	4219
SSR	4398

Tabell 4 Gebyrsatsar 2021

VØR er ei monopolverksemd som skal oppfylle eigarane sine krav til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. I tillegg til å oppfylle eigarane sine lovpålagte plikter, legg både norsk og internasjonal avfallspolitikk føringar for korleis VØR operera og kva mål selskapet skal jobbe mot. Avfallspyramiden under viser kva prioriteringar avfallsbransjen skal ha, rangert frå høgast prioritering (øvt) til mindre (nedst).



Figur 1 Avfallshierarkiet

Målet i norsk avfallspolitikk og EU sitt rammedirektiv er at ein skal behandle avfall så nær toppen av hierarkiet som mogleg. Avfall er i dag ein viktig ressurs som må bearbeidast og utnyttast, og i denne samanheng spelar avfallsbransjen ei viktig rolle i den sirkulære økonomien.

Andre eigarskap - Retura Søre Sunnmøre AS og Retura Norge AS

I 2004 oppretta VØR eit heileigd dotterselskap, Retura Søre Sunnmøre (RSS). Dette selskapet har ansvar for innsamling og behandling av avfall frå næringslivet. RSS er ein del av Retura Norge AS, som er ei franschisekjede eigd av både private og offentlege aktørar i avfallsbransjen.

Til å handtere avfall som kjem frå næringslivet oppretta VØR i 2004 eit heileigd dotterselskap, Retura Søre Sunnmøre (RSS), som har ansvar for innsamling og behandling av næringsavfall. Retura Norge AS er ei franschisekjede eigd av private og offentlege aktørar i avfallsbransjen. VØR eig 30 aksjar i Retura Norge AS og sikrar vårt dotterselskap Retura Søre Sunnmøre gjennom denne eigarskapen tilgang til kundar som har landsdekkande avtalar. Det er gjerne dei store aktørane i kommunane våre (Tine, Helse Møre og Romsdal m.f.).

Formålet med opprettinga av eige næringssselskap var eit ynskje om å unngå stor kostnadsauke for VØR sine abonnentar ved bortfall av grunnlaget for utnytting av menneskap, hus og utstyr. Morselskapet og dotterselskapet får synergieffektar av å utnytte felles ressursar. Overskota frå RSS og uteleigedelen i selskapet er fri eigenkapital som m.a. kan brukast til å gå inn og sikre lokale tilbod. Kvart år nyttar ein deler av overskotet til grovavfallsinnhentinga på bygdene, som ikkje er eit reint tilbod til hushaldningane.

RSS har eigen dagleg leiar og styre. For å unngå kryssubsidiering frå den konkurranseutsette marknaden til monopolmarknaden med avfall frå hushald (og omvendt), har ein organisert drifta i to separate selskap med eigne styrer. Samvirke mellom selskapa vert regulert i avtalar mellom selskapa, godkjent i dei respektive styra. Avtalane skal forhindre at RSS sin aktivitet blir subsidiert gjennom bruk av VØR sine ressursar, og omvendt. Selskapskontroll av VØR, utført av Vest Kontroll i 2019, fann ingen kritikkverdige tilhøve mellom selskapa.

Selskapsstrategi og tilhøyrande styringsdokument

Vedtekter Vedtektene er selskapsavtalen til VØR, og er eit styringsdokument og eigarkommunane.	Selskapsavtalen er vedteken av kommunestyra i tråd med lova sine krav.
Renovasjonsforskrifter Kommunale renovasjonsforskrifter vedtekne av Ørsta kommunestyre den 05.09.2019 og fellesnemnda for nye Volda kommune den 18.06.2019 i fylgje lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova, frl) §§ 30, 31 og 34, 79 og 83.	Forskriftene inneheld definisjonar, rettar og plikter knytt til handsaming av avfall og slamtømming frå hushaldningane i kommunane.

<p>Strategiplan</p> <p>Strategiplanen drøftar aktuelle emner, og listar opp VØR sine planar for å nå nasjonale og lokale miljømål.</p> <p>Strategiplan er rettleiande for den fire årlege økonomiplanen som igjen er styrande for det årlege budsjettet.</p> <p>VØR har laga strategiplanar tilbake til 2001, og planen vert rullert årleg.</p> <p>Strategi og kommunikasjonsplan for 2022-2025 vart sist vedteke av representantskapet 28.september 2021.</p>	<p>Selskapsstrategien blir handsama av representantskapet. I tråd med vedtektene § 7 er det representantskapet som skal fastsette overordna mål og retningsliner for selskapet.</p> <p>Strategi-/verksemds-plan vert rullert med ein faktadel og ein handlingsplan. Strategi-/ verksemds-plan er såleis lik ein kommuneplan i sin oppbygging.</p> <p>Strategiplanen er eit verktøy for styrande organ og leiing og gir rammene for korleis VØR skal drivast og såleis også kva som må prioriterast det einskilde år.</p>
<p>Økonomiplan</p> <p>Representantskapet skal etter Lov om Interkommunale selskap § 27 og vedtekter for selskapet § 7 vedta økonomiplan for selskapet for fire år om gongen. Planen bygger på VØR sin strategiplan og årlege handlingsplan og kjem med tilråding frå styret til representantskapet.</p> <p>Ny økonomiplan for 2022-2025 vart vedtatt av representantskapet 28.september 2022.</p>	<p>Representantskapet skal vedta økonomiplan for selskapet for fire komande år.</p> <p>Økonomiplanen bygger på VØR sin strategiplan og årlege handlingsplan. Vedteken økonomiplan er grunnlaget for neste års drifts og investeringsbudsjett.</p>
<p>Årsbudsjettet</p> <p>Representantskapet skal etter Lov om Interkommunale selskap vedta årsbudsjettet i selskapet. Vidare er det representantskapet som rår kommunestyra til å vedta gebyrsatsar for det komande år. Representantskapet vedtok årsbudsjettet 2022 den 28. september 2021.</p>	<p>Representantskapet vedtar årsbudsjett med rammer for låneopptak</p>

Strategiske mål

Selskapet skal oppfylle eigarane sine krav til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. I dette ligg det at selskapet skal arbeide for dei gode miljøløysningane innanfor akseptable økonomiske rammer. Vidare skal selskapet jobbe for å nå materialgjenvinningsmål i tråd med lokale, nasjonale og internasjonale krav.

Tidlegare mål og status

Nasjonalt

I 2018 vart det gjort endringar i EU sitt rammedirektivet om avfall, og gjennom EØS-avtalen er Noreg bunden til å følge gjeldande EU-regelverk på miljørada. Med EU sitt vedtak i 2018 fekk Europa eit nytt viktig rammeverk for overgangen til ein sirkulær økonomi. I rammeverket fekk ein då inn krav til ombruk og materialgjenvinning, og fekk skjerpa prosentkrav for førebuing til ombruk og materialgjenvinning. Ein fekk i det nye rammedirektivet ambisiøse mål for handtering av hushaldningsavfall.

Nasjonalt vart det i juni 2021 lagt fram ein ny nasjonal strategi for ein grøn sirkulær. Regjeringa plasserer avfallsbransjen som ein sentral brikke i omstillinga til ein meir sirkulær økonomi. Ein vil hente ut meir av verdiane i avfallet.

Avfallspolitikken har i stor grad tidlegare dreia seg om å auke materialgjenvinningsgraden på enkelte avfallsfraksjonar. Ein vil med den nye strategien kombinere å auke materialgjenvinningsgraden med å ha ein politikk som skal gjere produkt lettare å reparere, noko som gjer det mogleg med ombruk og forlenga levetid på produkta. På den måten kan ein spare jomfruelege ressursar til ny produksjon og gi lågare klimagassutslepp.

Drivkrafta til den nye nasjonale strategien har vore EU sin handlingsplan for sirkulær økonomi frå 2020 og rammedirektivet om avfall. Gjennom handlingsplanen er det satt svært ambisiøse krav til ombruk og materialgjenvinning av avfall, krav om separat innsamling av enkelte fraksjonar og krav til produsentansvar. I tillegg ein sikre effektiv bruk av ressursane. Målet i EU sitt rammedirektiv var at 50% av alt avfall frå hushaldningane i Norge skulle materialgjenvinnast i 2020. Dette målet nådde VØR i 2019. Måla framover er at 55 % av avfallet skal forberedast til ombruk og materialgjenvinnast innan 2025, 60 % innan 2030 og 65 % innan 2035.

Regionalt

Stasforvaltaren i Møre og Romsdal fører tilsyn med at verksemdar følgjer krava i forureiningslova med forskrifter. Dei kontrollerar utslepp til luft, vatn, grunn og handtering av avfall og kjemikalier.

Eit av satsingsområda til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er klimaomstilling, og satsinga har dei kalla Klimasnu. Gjennom Klimasnu skal Statsforvaltaren medverke til å gjennomføre nasjonal klima- og miljøpolitikk. Ein skal arbeide for å redusere klimagassutsleppet i fylket, styrke klimakompetansen både internt og i kommunane og utvikle fylket i ei klimavennleg retning. Statsforvaltaren vil sørge for at Møre og Romsdal er klar for å takle klimaendringane som kjem.

Lokalt

Ny handlingsplan for klima er under utarbeiding i kommunane, og vert å kome tilbake til, når den ligg føre. Tidlegare mål om 10 kg utsortert plastemballasje og 45 kg matavfall per innbyggjar i klimaplan frå 2010-2020 vart nådd med god margin i 2019.

Kommunestyret i Volda oppmoda ved handsaminga av gebyrforskrifta for 2021 (sak 143/20) VØR «om å greie ut kostnaden for einslege med liten søppelmengde». Kommunestyret i Ørsta vedtok også ved sin handsaming av gebyrforskrifta for 2021 (sak 109/20) eit vedtak med følgjande merknad i punkt 2 «Kommunestyret ber VØR kome med ei sak om reduksjon til halv pris når 2 abonnentar delar på dunkar til avfall.» Med desse vedtaka tolka VØR det som eit ynskje om ei eiga sak om differensierte gebyr, sjølv om vedtaket formelt gjekk på når 2. abonnentar deler behaldar eller einslege som har mindre avfall enn større hushaldningar. På styremøtet 08.06.21 (sak 30/21) fekk styret ein presentasjon av ulike modellar for differensierte gebyr. Styret drøfta saka på møtet i juni, men gjorde ikkje noko formelt vedtak før august om å sende saka vidare til representantskapet. Styret bad representantskapet gjere slikt vedtak:

1. Representantskapet har evaluert og vurdert ordninga med differensierte gebyr på grunnlag av vedtak i Volda og Ørsta Kommunestyre.
2. Representantskapet vil vise til at VØR oppnår betre dei nasjonale måla om høg materialgjenvinning enn selskap med annleis innretning på differensieringa. Representantskapet rår difor frå å gjere vesentlege endringar no.
3. Representantskapet ber om at det vert innført ein ny kategori i renovasjonsforskriftene ved neste revisjon; Småhushaldsgebyr med 80 l behaldar for restavfall.

Representantskapet vedtok samrøystes dette 28.09.21 i sak 11-21 i tråd med tilrådinga frå styret. Deretter vart særutskrift av saka oversendt til kommunane Ørsta og Volda.

Representantskapet til VØR vedtok gjennom strategiplanen i 2015 ei målsetning om at VØR skulle ha 60 % materialgjenvinning i 2020. Dette vart seinare revidert av representantskapet i 2019 i strategiplanen for 2020-2023, til å gjelde for 2025. I kommunikasjons- og strategiplanen som vart vedteken av representantskapet i 2021 har ein sett opp desse handlingsmåla:

- 60 % materialgjenvinning ut frå materialgjenvinnar innan 2025 og 65 % innan 2030.
- Klimautsløpp skal vere eit gjennomgåande perspektiv i innkjøp, planlegging av transport og transportløyser. Interne som eksterne.
- Digitalisere områder for å auke kvaliteten på tenestene og kunne gi sann tid opplysningar til kundane.
- Innrette gebyrregulativet sterkare mot brukarbetaling for tenester.

I 2019 målte VØR 61,2 % i materialgjenvinningsgrad, mykje takka vere innføring av eiga innsamlingsordning for matavfall. Dette førte til at mengdene til energigjenvinning gjekk vesentleg ned. Etter at covid-19 pandemien kom for fullt i 2020 har det vore ein annleis situasjon dei siste to åra for alle. Vi har hatt nedstengingar, mange på heimekontor, permitteringar og folk har generelt reist mykje mindre enn før. Sjølv om vi i 2021 hadde mindre nedstengingar enn i 2020 har vi likevel vore nødt til å forhalde oss til strenge smittevernomsyn og reglar. For VØR sin del har ein merka dette med auka trafikk på miljøstasjonen i høve før covid-19 og auka innsamla mengde avfall frå innbyggjarane dei siste åra.

Vi har i 2021 opplevd at det er eit mykje større fokus på kvalitet på råvarene som skal gå til materialgjenvinning. Året starta med lave prisar på papir og papp, og mottakar av vår blanda fraksjon av papir, papp og kartong gav oss mykje strengare kvalitetskrav enn tidlegare. Dette førte til at vi fekk omklassifisert ein del av denne fraksjonen til restavfall, og at vi måtte gjere strengare utsortering før vidaresending. Ved desse tiltaka førte det til at ein del innsamla papir, papp og kartong har vi måtta

omklassifisert og sendt som restavfall. Dette viser sjølvsagt igjen i avfallrekneskapet. Mengda med restavfall på innsamling har auka med 17 % frå 2020 til 2021.

Det har også vore eit større fokus på å betre råvara som vi sender frå oss av glas- og metallemballasje. Hausten 2020 hadde vi mykje kvalitetsavvik frå mottaksanlegget Sirkel. Vi gjor ein del grep vinteren 2021, og gjekk frå å levere dårlege resultat til å bli kåra til 2.kvartals beste leverandør av glas- og metallemballasje. Men dette har kosta i form av nedgang i materialgjennvinningsgraden.

På grunn av avsettingsproblem med hageavfall i 2021 har ein også måtta sendt ein del hageavfall til energigjenvinning i staden for til materialgjenvinning.


Diagrammet under viser korleis materialgjennvinningsgrada til VØR gradvis har bevegde seg oppover frå 2016, før eit hopp kom med matavfallinnsamlinga i 2019. Det har deretter vore ein jamn nedgang frå 2019 til 2021, mykje grunna koronapandemien og auka kvalitetskrav på råvarene.



Figur 2 Materialgjennvinningsgrad 2016-2021

Frå rapporteringa i 2021 har også vi innretta oss meir mot å rapportere materialgjenvinning etter faktiske råvarer som kan materialgjennvinnast. Tidlegare år har vi nytta innsamla mengde avfall som faktor, medan vi no har nytta utgåande råvarer som faktor. Dette gjer at vi får ein meir korrekt materialgjennvinningsgrad, men dette vil også vise igjen som ein nedgang i materialgjennvinningsprosenten vår. Vi har starta arbeidet med å innrette oss etter EU sitt varsel om at målepunktet frå 2023, eller seinast i 2025, vert flytta frå levering til materialgjenvinning til kva som faktisk kjem ut i form av råvare som kan materialgjennvinnast.

Ser vi på VØR i eit større perspektiv når det gjeld materialgjennvinningsgrad har vi gode resultat, men ein nedgang i høve andre selskap på grunnlag av argumenta ovanfor.



Figur 3 Materialgjenvinningsgrad VØR vs andre selskap

Av selskapa rundt oss er det berre SSR som ligg høgare enn oss i materialgjenvinningsgrad av avfall. Tala frå 2020 viser at vi ligger 29,9 % høgare enn landsgjennomsnittet (tal henta frå SSB). Men sjølv om vi er godt innanfor målet på 50 % materialgjenvinning har vi ein jobb å gjere saman med innbyggjarane våre for å nå målet om 60 % i 2030.

Nye internasjonale og nasjonale mål

Noreg er forplikta til å nå bindande mål for ombruk og materialgjenvinning av hushaldningsavfall og liknande avfall frå næringslivet gjennom EØS-avtalen, EU sin handlingsplan om sirkulær økonomi og rammdirektivet til EU om avfall er gjeldande også i Noreg.

Bodskapan til EU er at vi må endre måten vi produserer varer, organiserer marknaden, korleis vi forbrukar og handlar og måten vi handterer avfall på. Spesielt er det eit stort fokus på tiltak som vil redusere den totale avfallsmengda. Produsentansvarsordningar skal reviderast og utvidast. På denne

måten skal produsentar få sterkare insentiv til å nytte råvarar som kan innsamlast, ombrukast og materialgjennvinnast. I tillegg ligg det føre eit forslag om ei forbrukarlov der forbrukaren skal sikrast rettigheter til å reparere produkt den kjøper.

Miljødirektoratet gjor i 2021 ei analyse der dei såg på ulike tiltak som bidra til å nå måla som er sett av EU og som er innlemma i norsk avfallspolitikk. Dei har i analysen analysert 22 tiltak og kategorisert dei i følgjande fem kategoriar:

- Avfallsførebygging og førebuing til ombruk
- Betra utsortering av avfall frå hushaldningar
- Auka kjeldesortering av avfall frå fritidsbustadar
- Betra materialgjenvinning frå innsamla restavfall og grovavfall frå hushaldningane.
- Forbetra utsortering av hushaldningsliknande avfall frå næringslivet.

For å auke utsorteringsgraden har dei sett på verkemiddel som blant anna krav om utsortering av fleire avfallsfraksjonar og auka bruk av henteordningar av for eksempel hageavfall.

Her til lands vart Klimakur 2030 lansert i starten av 2020, der Miljødirektoratet, Statens Vegvesen, Kystverket, Landbruksdirektoratet, Noregs vassdrag- og energidirektorat og Enova har fekk i oppdrag å analysere potensialet for å redusere ikkje-kvotepiktige utslipp av klimagassar. Dette inkluderer avfallsektoren. Klimakur 2030 peikar på karbonfangst og lagring, redusert matsvinn og auka bruk av biogass som viktige klimatiltak. Auka utsortering av plast og tekstil frå restavfall vart også vurdert og føreslått, og er i tråd med EU sin handlingsplan om sirkulære økonomi av 2020.

Vidare mot 2025 og 2030 skal vi nå nye materialgjenvinningsmål. EU sine kommande materialgjenvinningskrav er vedteke som vist nedanfor.

EU sine kommande krav om materialgjenvinningsgrad

	2025	2030	2035
<i>Hushaldningsavfall og liknande avfall</i>	55 %	60%	65%
<i>Alle emballasje</i>	60 %	70 %	
<i>Plastemballasje</i>	50 %	55 %	

Tabell 5 EU sine kommande krav

For å nå måla må fleire fraksjonar utsorterast, og ein må ha endringar i vaner og åtfærd blant forbrukarane. Kvaliteten på råvarene, kanskje spesielt på emballasje, må vere god. Industrier og produsentar må og vere sitt ansvar bevisst for å ha ein berekraftig produksjon med fokus på design for materialgjenvinning og bruk av resirkulert materiale i produkta sine. Ein må ha ein etterspurnad etter råvarene som vi produserer.

Frå vår side må vi sørge for god tilrettelegging i innsamlingsystem og hyppig kommunikasjon. Det er vår ambisjon at vi skal gjere vårt for at desse måla vert nådd, til det beste for noverande og framtidige generasjonar. Vi vil i 2022 innføre nye løysingar for å betre kvaliteten på innsamla hushaldningsavfall, som igjen vil føre til auka materialgjenvinningsgrad. Frå sommaren 2022 vil vi starte med eiga innsamlingsrute på plastemballasje. Dette gjer vi for å få ein reinare papir, papp og kartongfraksjon. Vi vil også utføre kvalitetskontrollar på kvalitet i dunkane heime hjå abonnentane våre, og gjennom gebyra som er vedteke for 2022 kan vi gje sorteringsgebyr ved omklassifisering av avfall til restavfall.

For å få auka materialgjenvinningsgraden vår må vi også få enkelte fraksjonar opp i avfallshierarkiet. Vi vil difor i 2022 innføre to nye fraksjonar på miljøstasjonen som skal gå til materialgjenvinning. Vi ser føre oss at vi skal ta i mot hardplast som eigen fraksjon. Dette er ei råvare som før har gått til energigjenvinning, men som vi no vil få materialgjenvunne. Vi vil også lage løysingar for å sende reint trevirke til sponplateproduksjon, noko som vil flytte mykje av trevirket opp i avfallshierarkiet frå energi til materialgjenvinning.

Noreg sine klimamål om eit utsleppskutt på 50-55 % i høve nivået for 1990 er nedfelt i Parisavtalen, og i januar 2021 la regjeringa fram sin klimaplan til 2030. Planen ser på ulike tiltak for å nå dei ambisiøse klimamåla som Noreg har satt seg. I planen legg regjeringa ein plan for å få ned klimagassutsleppa frå blant anna transport, avfall, jordbruk, bygg og industri. Regjeringa varslar i planen også auka bruk av klimakrav i offentlege innkjøp. For eksempel blir det krav om nullutslepp for innkjøp av personbilar og lette varebilar frå 2023.

Regjeringa varsla også med planen ei gradvis opptopping av CO₂-avgifta. Auken vil gjere det dyrare å sleppe ut CO₂, og meir lønnsamt å kutte utslepp. For VØR vil dette føre til ei auka sluttbehandlingsavgift på avfall frå 2022. I følgje Forskrift om særavgifter §3-13-4 punkt 2 skal *«Avgiften beregnes ved å multiplisere mengde innlevert avfall til forbrenningsanlegget målt i tonn med en faktor på 0,5498 tonn fossilt CO₂ per tonn avfall»*.

Gjennom handlingsplanen for å nå klimamåla vil regjeringa halvere utsleppa frå transportsektoren frå 2030. Dette vil dei gjere gjennom blant anna å gje insentiv av nullutsleppsløysingar, reguleringar og teknologiutvikling. VØR har også som mål framover å redusere CO₂-utsleppa i organisasjonen. I strategi- og kommunikasjonsplanen som vart vedteken i representantskapet til VØR i september 2021 står det *«Klimautslepp skal vere eit gjennomgåande perspektiv i innkjøp, planlegging av transport og transportløysingar. Interne som eksterne.»* Dette vil ein gjere blant anna ved å:

- Rasjonalisere transporten på miljøstasjonen ved å bytte små åpne containere med større krockasser med rullekompaktor.
- Innføre RFID-brikker på alle dunkar som gjer at ein kan rasjonalisere innsamlingsrutene.
- Gå over til null-utsleppsbil ved innkjøp av varebil neste gong.
- Auke lastekapasiteten på utgåande avfall ved å legge til rette for 60 tonns og 25 meter lange vogntog på Melsgjerdet.
- Erstatte fossilt energidrivne bilar med biogassdrivne bilar, om det vert etablert eit regionalt biogassanlegg.

Samfunnsansvar

Selskapet er ansvarlege i tråd med arbeidsgivarpolitikk, arbeidstakarrettigheiter og etikk. VØR følgjer offentlege innkjøpslover, og jobbar for deltaking i kunnskapsutvikling og miljøvern. Selskapet har retningslinjer mot antikorrupsjon og urettvis behandling slik som diskriminering av tilsette og abonnentar.

VØR vart i 2020 sertifisert etter den internasjonale standarden ISO 9001 for å vise til transparens og kunne dokumentere etterleving av lovar, reglar og retningslinjer i samfunnet. Gjennom systemet har ein eit kvalitetssikringssystem som set fokus på kundar, leiarskap, engasjement, prosess, medverkande beslutningstaking og forbetring. I 2021 hadde VØR ein oppfølgingsrevisjon av dette systemet og gjekk igjennom denne utan avvik.

Selskapet er oppteken av å jobbe etter dei øvste nivåa i avfallspyramiden. Hovudmålet er at ein skal oppnå avfallsreduksjon og auka ombruk, samt mest mogleg materialgjenvinning av det innsamla avfallet. VØR legg vekt på at alle leverandørar held seg til det som er avtalt med tanke på best mogleg utnyttning av avfallsressursane. I dette ligg det at det som er avtalt å gå til materialgjenvinning ikkje

vert sendt til forbrenning eller deponi. Selskapet følgjer kontinuerleg opp avvik i eiga verksemd og er opptatt av å ivareta sikkerheita til sine tilsette og omgivnadane rundt.

Ytre- miljø

Selskapet arbeidar kontinuerleg med miljøpositive tiltak ved å:

- Legge godt til rette for innsamling og kjeldesortering av avfall.
 - Kjeldesortering skal vere enkelt, slik blir meir avfall til nye ressursar.
 - Arbeide for å redusere miljøbelastninga drifta av selskapet gir.
 - Her er etablering av fleire nedgravne anlegg og derav mindre transport eit viktig ledd i arbeidet.
- Legge til rette for innsamling av metall og EE-avfall på bygdene og farleg avfall i raudeboks i både bygd og sentrumsområda.
 - Ved å gjere det enklare å levere farleg avfall, håpar vi det reduserer forureining og forsøpling. Slik får vi også materialgjenvinne meir avfall til nye råvarer.
- Koordinere og legge til rette for strandryddeaksjonar og mottak av marin avfall.
 - Marin avfall forsvinn ikkje og spesielt plast vert nedbroten til mikro- og nano partikler som er til stor skade for livet i havet og dyrelivet på land.

Likestilling

Styret har i 2021 2 eigaropnemnde kvinner og 2 menn. Kravet om kjønnsbalanse i styret er dermed ivarettatt i tråd med KS sin rettleiar «*Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll*».

Openheit

Alle representant- og styresaker blir fortløpande lagt ut på nettsida under «*saker styret og representantskapet*» og er tilgjengeleg for omverda. Selskapet har alltid hatt transparens som ei viktig prioritering. Inntrykket er at media og enkeltpersonar har fått tak i informasjonen som blir etterspurt utan at dette har vore opplevd som problematisk.

Etiske retningslinjer

Selskapet har hatt etiske retningslinjer sidan 2002, og dei vart sist rullert i november 2019 som del av Policy dokumentet som inngår i ISO 9001 dokumentasjonen.

Representantskapet si oppgåve etter vedtektene er å fastsette overordna mål og retningslinjer for selskapet. Styret har derfor vedteke at Policy dokumentet skal endeleg fastsettast av representantskapet.

Hovdebygda 08.02.22



Anne Ellingsen
Styreleiar



Hallvard Bjørneset
Nestleiar

Jon Helge Bjørndal
Styremedlem

Henriette Hafsaas
Styremedlem



Ove Myklebust
tilsette sin representant



Petter Bjørndal
Dagleg leiar